

Norsk språkhistorie

<http://nsh.novus.no/>

Brev 10 til medarbeidarane, april 2019

Sluttorientering

Vi lovde i førre brevet eit siste meldingsskriv for å gi ei sluttorientering etter siste redaksjonsmøtet i prosjektet *Norsk språkhistorie*. No reknar vi prosjektet for avslutta, og vi pustar ut etter alle desse åra. (Berre hovudredaktørane har nokre oppryddingsoppgåver att.)

Lanseringa på Nasjonalbiblioteket



Tysdag 22. januar hadde vi altså lanseringsarrangement på Nasjonalbiblioteket, og det bør vi rekne som svært vellykka. I alle fall var frammøtet mykje betre enn vi hadde drøymt om. Det kom kring 60 interesserte. Program og avvikling fungerte godt. Eitt av dei gode bilda er her til venstre frå då forskingsministeren fekk lasset av 2000 år med språkhistorie presentert på 2500 sider. Kanskje eit kunnskapsløft. Da trong ho trøst og klapp på skuldra. (Foto: Stian Hårstad.)

Presse- og medieomtalar

Etter lanseringa og den pressemeldinga vi sendte ut, fekk vi nokre oppslag. Vi hadde sjølvsgatt håpt på at fleire medieorgan viste interesse, men eit grundig fagleg arbeid i språkhistorie blir neppe heitaste

nyheita i den store samfunnssamtalen – sjølv om førestillingane om språkhistoria er ein viktig del av kulturlivet. Vi får uansett tru vi har stimulert interessa for språkhistorie, og at verket på lengre sikt kan innehalde frø som veks inn i f.eks. lærebøker for skoleverket. (Dét var i alle fall eit mål som blei formulert i visjonane våre frå starten.)

Medieinnslaga vi registrerte, var med Agnete, som blei intervjuet i *Nyheitsmorgon* på P2 og i *Norsk Tidend*, Tove i *Vårt Land*, Agnete og Helge i *Morgenbladet*, og Oddmund i *Sogn avis*. Pressemeldinga kom litt nedkorta inn i eit par aviser.

Dessutan må vi ta med at Michael organiserte presentasjon på Universitetet i Agder, Oddmund hadde tilsvarande på Høgskulen på Vestlandet (Sogndal), og Helge på HVL (Stord). På heimesida åt Høgskulen på Vestlandet var Edit og Agnete (jf. <https://www.hvl.no/aktuelt/hvl-forskarar-med-viktige-bidrag-til-ny-norsk-sprakhistorie/>), og ved NTNU var det oppslag om seansen i Nasjonalbiblioteket (<https://www.ntnu.no/blogger/ub-litteratur/2019/01/30/lansering-av-norsk-sprakhistorie-bind-i-iv/>).

Meldingar

Bokmeldingar i faglege tidsskrift kjem gjerne eit–to–tre år etter utgivinga. Vi skal prøve å oppdatere heimesidene etter kvart som vi oppdagar slike meldingar. Send gjerne tips til hovudredaktørane når de oppdagar noko, for ingen har fullt oversyn over alle tidsskrift som kan komme til å ha ein omtale.

Pensum og flygeblad

Det er sjølv sagt ønskjeleg at så mange som råd plasserer ut flygebladet på tavler og bokbord framover også i 2019. Da siktar vi til det vi distribuerte elektronisk til dokker i januar.

Vi vil òg oppmode alle om å utnytte delar av verket som pensum i ymse studieopplegg. Pensumutdrag skal sjølv sagt følgje Kopinor-avtalen som undervisningsinstitusjonane har, som gjer at forlag og forfattarar får eit økonomisk oppgjær for kompendiebruken.

Salget per 22.1.19

Forlaget opplyste på redaksjonsmøtet i januar om dette salget: *Mønster* 377 eksemplarer, *Praksis* 172, *Ideologi* 161 og *Tidslinjer* 139.

Bøkene er trykt i 600 eksemplarer. Forlaget blir neppe utsolgt for bøker med det første, men det vil trykke opp flere eksemplarer viss ett eller flere av bindene blir utsolgt.

Elektronisk utgave?

Når det gjelder elektronisk utgave av NSH, er situasjonen at forlaget ikke har noen rettigheter til å publisere en slik versjon. Ingen av illustrasjonene er i utgangspunktet godkjent for elektronisk publisering. Å lage en elektronisk versjon av NSH vil derfor være et nytt prosjekt der en i prinsippet må søke om tillatelse for alle illustrasjonene. Hvis en f.eks. vil “gjøre det enkelt” ved å ta bort illustrasjonene, må alt brytes om på nytt.

NB: Dette betyr også at NSH-tekster ikke kan legges ut privat. Til studenter skal en altså bruke kompendieordningen, som nevnt ovenfor.

Hjemmesiden

a. *Samlet definisjonsordliste.* Faget (både lingvistikk og nordistikk) har savnet en definisjonsordbok. Derfor vil vi så snart som mulig redigere sammen definisjonslistene fra de fire bindene i én samlet fil. En slik elektronisk bok vil vi legge ut på hjemmesiden.

b. *Skriveretningslinjene.* Vi har brukt mye tid på å utforme disse, og de er praktiske å bruke for eksempel i veiledning av studenter. Vi tar sikte på å legge en omredigert versjon ut under fanen Resursar.

c. *Stikkordsregistrene.* Vi har også en plan om å samle registrene fra de fire bindene i én fil, der det vil komme tydelig fram hvilket bind som det henvises til. Denne filen blir også søkbar på nettet.

e. *Kartliste*. Språk- og dialektkartene i *Norsk språkhistorie* er svært pene, og en liste over dem blir med det første lagt ut på hjemmesiden.

Referansar til NSH

Det er ikkje heilt enkelt å referere til noko som står i NSH der det er fleire forfattarar til same kapittelet. På siste redaksjonsmøtet blei vi einige om at beste og enklaste referansane går til heile kapitla sjølv om det er opplyst innanfor kapitla om kven som har skrive enkeltbolkane. Det vil seie at det i teksten kan refererast f.eks. slik:

... (jf. Bull, Karlsen, Raanes & Theil 2018).

Men ein kan òg skrive f.eks.

... slik Karlsen framstiller det i Bull o.fl. (2018: 459).

I referanselista blir den fullstendige oppføringa da slik (etter systemet vi har brukt i NSH:

Bull, Tove, Espen Karlsen, Eli Raanes & Rolf Theil. 2018. Andre språk i Noreg. I: Brit Mæhlum (red.), *Praksis*, 417–532. Norsk språkhistorie, hovudred. Helge Sandøy & Agnete Nesse. Bd. 2. Oslo: Novus.

Desse forslaga til referansemåte blir utlagt på heimesida.

Vi takka for samarbeidet i brevet før jul, og den takka står ved lag.

Beste helsing frå

Agnete og Helge

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS>